



Vest

Landbrukstenester SA

Årsplan 2016

Avløyning – Landbruksvikar

Halde fram arbeidet med å rekruttere gode avløyningar til å ta landbruksvikar oppdrag. Tilsetje landbruksvikar 50 - 100% i Hornindal og Stryn/få avtale med nokon til å ta beredskapsvakt dei vekene LV ikkje har beredskap. Vidare skal vi arbeide for å ha gode og ryddige arbeidsforhold for dei tilsette.

I ein pressa arbeidsmarknad må vi arbeide kontinuerleg med å rekruttere avløyningar. Vi må kunne tilby gode lønns- og arbeidsvilkår, dette for å kunne ha ein stabil arbeidsstokk.

Komme med innspel til dei lokale bondelaga, opp mot jordbruksforhandlingane.

HMS

Vidareføre arbeidet som vi har vore i dialog med Arbeidstilsynet om:

- bruk av reviderte arbeidsavtaler
- sende ut brev/avtaleskjema for å avklare ansvarsforhold mellom bonden og Vest LT
- innføre gode rutinar for å melde avvik
- gode rutinar for å sikre opplæring til utleigde arbeidstakarar
- gode rutinar for å fylgje opp overtidsbruk
- innføre systematisk arbeid med helse, miljø og sikkerheit

Heimeside

www.vest-landbrukstenester.no

Jobbe med heimesida, for å ha ei til kvar tid oppdatert og informativ heimeside.

Marknadsføring

Halde fram med informasjon til både aktive, passive og eventuelle nye brukarar. Informere om våre tenester og om dei tilboda vi har til våre medlemmar.

Diverse - Andre arbeidsoppgåver:

- gode rutinar for utlønning av avløyningarane
- oppfølging/opplæring av avløyningarane
- skaffe medlemmane avløyningar ved behov
- gode forsikringsordningar for medlemmane og avløyningarane
- arrangere og delta på LV/Avløyningarkurs
- delta på NLT si Haustsamling
- prøve å få på plass avløyning i Stryn - Oppstryn/Hjelledalen og Hornindal
- inngå frivillige avtaler med dei bøndene som lønner ut gjennom laget om fullmakt for autogiro
- starte opplæring og innføring av Webtemp

Vest Landbrukstenester
Tonningsgata 4
6783 Stryn

tlf: 57 87 18 22
vakttlf: 488 94 245
e-post: vlt@n-lt.no

org.nr: 871 366 802 MVA
<http://www.vest-landbrukstjenester.no>
Sparebanken Sogn og Fjordane 3795 10 24172

Besøksadresse: Nordsida Næringsstove, Ulvedal.

Opningstider kl 09 – 15 måndag, tysdag og torsdag